

Josva Halle på Kårvatn.

Av Leif Halse.



Leif Tvedt

Ei sein helsing på 70-års dagen 11. april 1946.

Kjem du vandrande turistruta frå Trollheimshytta og gjennom Naustådalen, stansar du gjerne framme på bruna og nyt utsynet. Under deg ligg Kårvatn gard med hus og heim, åker og eng. Du ser elva i stri straum ut dalen, og det klare brevatnet vaskar kring jordmælar og steinørar. Tett ved elva ligg husa — den store nye stuebygninga, Målastua, Gammelstua, fjøset og stabburet kring eit flatt og romslegt tun. Frå tunet går vegen beint utetter det flate gjerdet og kjem bort i skogen. Kring garden reiser fjella seg — Storfjellet og dei karakteristiske Knubbann, og vest i dalgapet lyfter Vassnebba si snøkvite kjegle mot den blå sommarhimmelen.

Så tek du vegen ned lia, går over ei rund-ryggja bru, og du står i tunet på Kårvatn. Husbonden Josva Halle kjem i mot deg og helsar deg velkommen til gards med eit traust handslag. Trass i sine sytti år og søvlglassen i håret er Kårvatn-mannen enno spretten og ung både i sinn og skinn. Han er snar i vendingen og går lett på fjellmanns vis. At sinnet er ungt merkar du fort når du kjem i snakk med han — ute på den høge steinkloppa med utsyn mot bygdevegen og fjella eller i ein hyggekkrok inni den store daglegstua. Han er ein meister til å ordlegge seg og eig den gamle forteljestilen og tonen som no for tida er sjeldan å møte, og tida fell ikkje lang i samtale med honom.

Fru Beret syter for det materielle velværet, og det gjer ho på ein ypparleg måte. Ein kjem ikkje bort, når ein kjem til Kårvatn, seier folk, og det er eit sant ord. Ein merkar snart at ein er komen til gjestfrie folk, og ein har ei sterk og god kjensle av at her er det gildt å vera.

Vakkert er det her på Kårvatn ein sommarkveld med angen frå skog og fjell tett innpå, med den tunge søgen av elva som renn bortafor husa — med Nauståfossen som eit kvitt brurelin inne i brattelia og med solglans over dei øvste fjelltoppane. Med dette synet for augo tykkjer ein å forstå grunnen til at den unge ingeniøren Josva Halle sa farvel til stilling og pengar borte i Amerika og reiste hit inn i Trollheimen, kjøpte denne avsides garden og vart bonde her.

Ja forstå? Det *måtte* vera slik, for her høyrer han heime. Han er eitt med denne garden og med naturen ikring seg. Han eig mykje av den same seige styrke og den same trygge ro. Han er sjølv som ei fjellfuru med røtene djupt festa i berg og jord og med greiner og krone høgt lyfta opp mot lyset og dagen.